

Renoveringa på Stemneplassen er i gang.

13.07.2020



Dugnadsgruppa på Stemneplassen i går. F.v: Audun Eik, Ove Magne Myhre, Harald Koløy og Jofrid Eik. Kristian Bringedal var også med.

I går starta arbeidet med renovering av betongplata og møterommet på Stemneplassen. Taket vart demontert og isolasjonen over himlinga vart fjerna. De vart gjort for å sjå kva som kan vera årsaka til fukt og lekkasje. Eit kommunalt investeringstilskot på kr. 90.000,- ligg til grunn og gjer det mogeleg å renovera møterommet.

Mykje av arbeidet vert gjort på dugnad. Det vert i finansieringsplanen rekna som eigeninnsats. Berre i går var fem personar i sving og la det eit frivillig arbeid tilsvarende 20 arbeidstimar.

Betonplata med scene og toalettanlegg vart gjort klar til den store landsstemna i Noregs Ungdomslag 1973. Seinare vart grovbygget innreidd med møterom og kjøkken/kiosk. Det siste er montering av varmepumpe med fuktfjernar.



Takpanel og isolasjon vart fjerna, mellom anna for å finna årsaka til fuktskadene.

Midlane i denne omgang vert brukt til tetting av betongplata, nye sperrer, isolasjon, himling og ny armatur/belysning. Den totale renoveringa omfattar også nye vindauge, generell oppussing, nytt golvbelegg og ny terasse. Utvending mur skal pussast og slammast.

Skal ein koma i mål, må ein skaffa meir midlar inn i prosjektet. Det vert gjort med søknader av ulike slag.

Styret er ansvarleg for renoveringa. Audun Eik og Ove Magne Myhre er byggeleiarar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal